



Rekneskapsrapport pr september - oktober 2021

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:
210

Arkivsaksnr.:
21/2124

JournalpostID:
21/63799

Saksnr: 143/2021	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato: 02.12.2021
----------------------------	--	----------------------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr september - oktober 2021 til orientering.

Bjørnafjorden, den 11.11.2021

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

**Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:
BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 02.12.2021**

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.
Ordførar foreslo å flytte sak 144 til etter lunsj. Formannskapet slutta seg til dette.
Møtet blei midlertidig heva klokka 10.02.

Vedtak:

Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr september - oktober 2021 til orientering.

Samandrag av saka:

Dei fleste sektorane varslar om meirforbruk i 2021. Særleg situasjonen innafør pleie- og omsorg gjev grunn til uro med tanke på neste år då SIO prosjektet tar slutt og staten ikkje lengre finansierer utgiftene. Veksten i skatteinntekter og lågare netto finansutgifter gjer likevel at kommunen ser ut til å få eit positivt resultat i 2021.
Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Saka gjev styringsinformasjon om kommunen sin økonomiske situasjon.

Klima: Saka har ikkje innverknad på klima og miljø.

Folkehelse: Saka har ikkje innverknad på folkehelsa.

Saksframlegg:

Samlerapport drift 2021 - Oktober						
Sektor	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Forbruk %	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Forbruk %
Frie inntekter	(948 795 309)	(1 140 137 000)	83 %	(980 484 651)	(1 155 786 000)	85 %
Finans	93 843 551	108 752 747	86 %	86 830 626	153 212 249	57 %
Fellesområde	5 410 560	41 339 740	13 %	39 072 115	69 954 820	56 %
Stab	90 299 883	88 977 450	101 %	76 584 729	77 148 848	99 %
Oppvekst	587 462 762	680 208 381	86 %	581 152 808	670 645 181	87 %
Helse og Velferd	(36 187 648)	82 543 168	-44 %	(9 375 566)	102 972 128	-9 %
Samfunnsutvikling	97 704 543	138 315 514	71 %	65 051 257	81 852 774	79 %
Sum	(110 261 658)	-		(141 168 683)	-	

Frie inntekter

Prognose: Frie inntekter ser ut til å få meirinntekter på vel 31 mill. kr, i hovudsak knytt til auka skatteinngang.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Rammetilskot

Kommunen fekk auka rammetilskot i samband med stortinget si behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2021. Midlane er gått til å styrke sektorane sine driftsrammer, ref. 2. tertialrapport 2021. I september har kommunen motteke ekstra skjønstilskot frå statsforvaltaren på 1 mill. kr. Midlane er ein generell kompensasjon, m.a. for kommunar som har kome dårleg økonomisk ut i samband med kommunesamanslåinga. Dette blir då å rekne som ei meirinntekt for kommunen.

Skatteinntekter

Regjeringa har gjort ei ny oppjustering av skatteanslaget for kommunesektoren. Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med om lag kr 5,0 mrd. samla for kommunane i landet frå nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert frå 8,6 % til 11,6 %. Dette er ein kraftig oppjustering, og forventta skatteinntekter for Bjørnafjorden kommune ser etter dette ut til å bli ca. 35 mill. kr høgare enn budsjettet. Skatteveksten for Bjørnafjorden kommune pr. oktober 2021 er 12,6%. For kommunane samla er skatteveksten 13,4% pr september (tal for oktober er i skrivande stund ikkje publisert).

Andre generelle driftsinntekter

Det er i 2021 budsjettet med 10 mill. kr i Havbruksmidlar, 19,6 mill. kr i integreringstilskot flyktningar og 2,5 mill. kr i rentekompensasjon frå Husbanken. Kommunen har fått melding om at vi får 7,2 mill. kr i Havbruksmidlar, altså 2,8 mill. kr mindre enn budsjettet. Integreringstilskot flyktningar ser ut til å bli ca. 3,6 mill. kr lågare enn budsjettet, medan vi har tru på at rentekompensasjon frå Husbanken vil bli ca. 1,5 mill. kr høgare enn budsjettet. Samla venter vi eit negativt avvik på ca. 4,9 mill. kr.

Finans

Prognose: Finans ser ut til å få ei innsparing på ca. 7,5 mill. kr + avkastning finansportefølje.

Rentenivået er på veg opp, og styringsrenta blei 24.09.2021 heva frå 0% til 0,25%. Renteutgiftene i 2021 ser likevel ut til å bli ca. 3,5 mill. kr lågare enn budsjettet medan renteinntektene ser ut til å bli ca. 4 mill. kr høgare enn budsjettet inkl. avkastning på overskotslikviditet. Avkastning på finansporteføljen er så langt positiv med 11,6 mill. kr tilsvarande 7,6%, men dette er ein usikker inntekt.

Fellesområde

Prognose: Fellesområde ser ut til å få ein meirutgift på ca. 7,9 mill. kr.

Prognose for Folkevalde organ er usikker på grunn av etterslep vedr. føring av tapt arbeidsforteneste. Utgifter til gjennomføring av valet blei mykje høgare enn budsjettet. Overslag viser at Folkevalde organ vil få meirutgifter på ca. 470.000 dersom nivået på tapt arbeidsforteneste blir omtrent som i 2020.

Fellesutgifter ser ut til å få lågare utgifter m.a. til seniortiltak, personforsikring og KS kontingent. Desse postane er justert ned i budsjettframlegget for 2022. Innsparinga i 2021 er rekna til om lag 2,6 mill. kr.

Lønsoppgjøret for 2021 blei som kjent mykje høgare enn det pensjonsleverandørane la til grunn for berekning av pensjonspremie for 2021. Det inneber at pensjonssatsen i budsjettet er alt for lav. I budsjettet for 2021 la vi inn ei innsparing på 10 mill. kr i forhold til 2020 på grunn av varsla premie-reduksjon, men med dagens kunnskap skulle vi i heller ha auka pensjonsbudsjettet. Overslag viser at vi vil kunne få auka pensjonsutgifter på ca. 27 mill. kr, men deler av beløpet vil kunne dekkast av SIO området. Vi vil og nytte årets premiefond i

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

KLP (vedr overskot 2020) til å dekke auka pensjonsutgifter. Vår prognose for netto meirutgift er på 10 mill. kr, men prognosen er usikker.

Stab

Prognose: Stab ser førebels ut til å få eit meirforbruk på ca. 6,5 mill. kr i 2021.

Dei største utfordringane er meirutgifter i IT avdelinga m.a. knytt til løpande programvarelisensar og infrastruktur som ser ut til å bli om lag 5 mill. kr høgare enn budsjettet. Utgiftene har nok vore for lavt budsjettet i 2021 og er auka i budsjettframlegget for 2022 ved omprioritering innafor ramma. Det ser og ut til å bli vanskeleg å oppfylle innsparingskravet om reduksjon av innkjøpskostnader på 1,5 mill. kr. Innsparingskravet er ført på Rådmannens stab, men gjeld heile kommunen. Volumkontraktane våre er i stor grad plassert gjennom innkjøpssamarbeidet med Bergen kommune. For slike rammeavtalar er det vanskeleg å identifisere konkrete innsparingar m.a. fordi volum og fordeling av volum spelar inn. Nye prisar er ikkje nødvendigvis lågare enn før (ofte tvert i mot) sjølv om dei kan vere lågare enn om vi ikkje hadde hatt konkurranse.

Oppvekst

Prognose: Oppvekst ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 5 mill. kr i 2021.

Alle skulane i Bjørnafjorden kommune er frå hausten 21 tatt inn i finansieringsmodellen. Modellen tek omsyn til skulestorleik og frå hausten 21 er pedagog-norma lagt inn i modellen. Men det manglar ressursar til styrking med fagarbeidar ol. i skulane, då det framleis er elevantvekst i grunnskulen. Det er nokre skular som slitar med å halde budsjetta sine i 2021, grunna utfordringar med elevgrupper og høgt sjukefråvær, men samla sett meiner vi at skulane skal klare å drifte i balanse i 2021.

Alle kommunale barnehagar har fått justert budsjetta sine i forhold til endring i barnetal og dermed stillingar frå hausten 21. Nedtrekk av stillingar er lagt inn i B22. Barnehagane har hatt utfordringar med høgt sjukefråvær, og fleire styrarar er meir vikar enn styrar for å få det til å gå rundt. Dei kommunale barnehagane driftar innafor tildelte ramar i 2021.

Tal barn i private barnehagar vart og redusert frå hausten 2021 og vi sparar pengar på kommunalt tilskot. Men det er framleis usikkerheit kring barnehageplassar i andre kommunar og refusjonsordningar. Tilskot til private barnehagar vil klare seg innanfor budsjett i 2021.

Både PPT og Førebyggjande helsetenester vi ha litt mindreforbruk i 2021 pga. vakante stillingar. Men Barnevernstenesta vil få eit meirforbruk på ca. 5,4 millionar i 2021. Barneverntenesta har i tråd med føringa på barnevernfeltet sett inn store og kostnadskevjangende tiltak for å hindre at barna vert plasserte utafor heimen. Dette utgjør eit meirforbruk på 3,9 millionar. (Frå 2022 vil ein institusjonsplass koste meir enn 2 millionar pr. år.) 1,5 millionar av meirforbruket er knytt til auke i tal plasseringar ungdom på institusjon og frivillige plasseringar i fosterheim. Om lag kr 400.000 kan dekkast inn ved mindreutgifter på Fellestiltak skular.

Helse og velferd

Prognose: Helse og velferd kan få eit meirforbruk i 2021 på ca. 4 mill. kr.

Meirforbruket gjeld den delen av sektoren som ikkje er omfatta av SIO.

For den delen av Helse og Velferd som er utanfor SIO, er det Legevakt og legetenester som har stort meirforbruk. Dette sjølv om dei meldte pandemi-kostnadene for 1. og 2. tertial er

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

budsjettjustert. Fastlegemangelen i Eikelandsosen gjer at ein har brukt kostbare legevikarar, noko som gjer at Eikelandsosen helsesenter ligg an til eit meirforbruk på om lag 5 millionar. I tillegg er det meirforbruk på Legevakt på 5 millionar, noko som mellom anna skuldast lisenskostnader, husleige og at dei sosiale utgiftene på fastlønnsordninga for legar er for lavt budsjettert.

Noko av meirforbruket innan legevakt og legetenester kan dekkast inn ved at NAV og Bustad/Flyktning går med mindreforbruk slik at forventta meirforbruk blir ca. 4 mill. kr.

I den delen av området som er omfatta av SIO er det særleg dei to bu- og behandlingssentera som får meirforbruk. Desse institusjonane går med ekstrabemanning på grunn av store brukarbehov, særleg innan demensomsorga. Sjukdomsbileta blir stadig meir komplekse, og bistandsbehovet er høgt. Det ser ut til at ressursinnsatsen vil fortsetja framover, og at tradisjonell grunnbemanning ikkje lenger er tilstrekkeleg i alle avdelingar. Ein har og til dels store utfordringar med vakansar og rekruttering, noko som gjev seg utslag i dyrare drift. I løpet av sommaren har ein, spesielt på Luranetunet, sett seg nøydd til å bruke vikarbyrå for å sikre forsvarleg drift gjennom ferien. Dette har bidratt ytterlegare til meirforbruket, som no er estimert til 20 millionar for Pleie og Omsorg. I tillegg ser ein meirutgifter knytt til BPA og andre tenestekjøp, som gir meirforbruk på om lag 8 millionar på avdeling for Forvaltning og koordinering. Meirkostnaden for alt dette vil bli dekkast inn gjennom økte SIO-inntekter i 2021, men det er bekymring for kva dette vil bety når SIO-prosjektet tar slutt ved nyttår og desse utfordringane skal dekkast innan området si ramme.

Samfunnsutvikling

Prognose: Samfunnsutvikling ser ut til å gå i balanse i 2021.

Den største utfordringa for sektoren i år har vore store utgifter til vintervedlikehald, høge straumprisar og mange utrykkingar i brannvesenet. For å bøte på situasjonen har ein nytta intern rekruttering ved ledige stillingar, men og sett i verk generell innsparing på driftspostar. Sektoren får høge inntekter i år på grunn av utviklinga i straumprisane, og alt tyder på at sektoren skal kome ut i balanse ved årsslutt.

Bjørnafjorden, den 11.11.2021
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef